Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 11 | Fylke: Nord-Trøndelag

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Leksvik

Emne: ymse attåtfôr | Bygdelag: B. Lauvkbygda

Oppskr. av: Johannes Hagen | Gard: Hagen

(adresse): Leksvik | G.nr. 34 Br.nr. 2+3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I Røtter

Det vert, så vidt eg veit, ikkje sanka noko røtter til fôr i bygda i dag, og ikkje kjenner eg til nokon tradisjon om det heller

II Tang og tare

Tang vert ikkje brukt til fôr. Anna enn dei som bur nær sjøen kan sleppa småfeet ut tidlleg om våren så dei går i fjöra og slukkar noko tang og sjögras sjölve. Men tang vert ikkje sanka til krötter mat. Og ikkje kjenner eg til noko tradisjon om det heller. Likeins med tare.

III Nei eg kjenner ikkje til at det vert nytta noko slikt sankefôr.

IV Hestmökk vert ikkje brukt til kröter mat her i bygda.

V Sörpefôr

Det er no sågåt som avlagt å koke sörpe. Dei koka på jammen i eldhuset. Sörpekarret var av ymse skap, nokre runde, andre firkanta.

1812

Oftast at ein slog varmt vatn over.
2) Blanding av hakka halm, mjøl og vatn er det vanlege, men og vatn og mjøl på skrothöy, agne og potetgras vert brukt. mjölk og mjøl til kalvar og ungdyr og vatn og mjøl til kyr vert brukt. Men ein går no meir og meir over til å gje dyra mjölet tört, mjölet er meste av havre og bland korn og lettkorn av bygg.
3) ja, keld for det meste.

4) Ikkje til kröterмat, men i einskilde tilfelle til svinefôr, og da törka
5) Drank vert ikkje nytta, da bygda ligg så langt frå brenneri
6) Likeeins med mask.
7) Einskilde tilfelle på höyfrå og potetskilker.

VI Fiskeavfall
1 ja, krötersild vert årvisst brukt i bygda, og har vori det i lange tider, under siste krigen og, kanskje meir enn nokon gong før.
2) Törka fiskeavfall vert på jamnen koka, men det vert brukt lite av slikt.
3) Nei, fiskeavfallet vert kokt einast
4) Begge dele, etter som avfallet er.
5) Vert lite brukt.
6) Mest i eldhuset
7) Nei. På jamnen ein gong om dagen Det er så ymse med mengda dei får

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
1812